

## Avtale om bruk av datautstyr 1. – 4. klasse

*Skulen og lærarane har ansvar for at elevane arbeider med det dei skal i skuletida. For å få til dette må elevane og lærarane samarbeide. Det overordna IKT reglement Vanylven kommune med rettleiing gjeld for alle elevane ved skulen.*

I følgje Kunnskapsløftet er det eit mål at elevane skal starte med bruk av datamaskin frå første trinn. For 1.–4. trinn vil det vere læraren som har ansvaret for undervisninga og utstyret på skulen. Heimen tek ansvar for utstyret dersom eleven i høve heimearbeid må ta med dette heim. Større elevar vil få eit større sjølvstendig ansvar gjennom eiga avtale. Gjennom FEIDE - prosjektet har alle elevane ved skulen fått tildelt eit passord som skal gje dei ei pålogging til alle ressursar. Skulane er godt utrusta med datamaskiner for å kunne bruke desse verktøyta, både for å kunne lære å bruke data og bruke data som grunnlag for læring.

### **Reglar som gjeld bruk av datamaskiner:**

1. PC-ane skal berre brukast etter avtale med ein vaksen/lærar.
2. Alle får tildelt eit passord som skal brukast til å logge seg på maskinen.
3. Gje aldri ditt personlege passord til andre elevar.
4. Husk også å logge deg av når du går frå PC-en.
5. PC-en skal slåast av etter beskjed frå lærar.
6. Vi skal behandle kvarandre med respekt også ved bruk av Internett.
7. Skulen sine ordensreglar gjeld også ved bruk av skulen sitt datautstyr.
8. Vi skal ta godt vare på PC-ane og datautstyret. Det vil mellom anna seie:
  - a. Mat og drikke høyrer ikkje saman med bruk av PC-ane.
  - b. Det er ikkje lov til å kople anna ustyr til datamaskina utan at lærar har gjeve løyve til det. Slik utstyr kan vere: Minnepinne, mobiltelefon, kamera.
  - c. Det er ikkje lov å teikne eller lime klistermerker på datamaskinene

Vi syns at det er fint om dei heime har mulegheit for å hjelpe borna i gang med alle dei lærrike bruksområda som finst ved bruk av datamaskin. Bruken heime bør også styrast og rettast inn mot bruk som utviklar borna positivt. Skulen legg vekt på å lære elevane nettvett, og vi håpar at heimen føl opp dette i tråd med felles intensjonar.

Eg stadfestar med dette å ha lese og godteke alle vilkåra i denne kontrakten:

---

Dato	Namn elev	Namn føresett
------	-----------	---------------

---

Dato	Kontaktlærar
------	--------------